



Protokoll

Studentparlamentsmøte 02.11.2022

Tid Onsdag 02.11.22 kl 16.00-20.00.
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 10

AHL Jonas Kumpch Eilertsen (V)

AKF Nikolai Skaug Kolstad
Preben Rosenvinge (V)

AMF Rakin Absar Arnob
Simen Toverud (V)

ASH Jenny Nystad
Marte Lohne

FRI Mohammed Abdugar (AMF)
Simen Vederhus (AMF)
Maher Othman (ASH)

Meldt forfall: Veronica Bjørdal Sæternes (AHL), Sindre Rabben Tronstad (AHL)
Sissel Elin Ruset (AKF), Truls Bjørnstad (AMF)

Til stades utan stemmerett

AU Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Severine Riise Eidem (info), Ammy Bolme (internasj.), Nina Skara Pettersen (fag)

Ordstyrar Rikke Jenny Pettersen

Organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)

Andre møtande/gjestar Studentombod Gøril Hillersøy (sak 16/22-23)

Saksliste

Sak 13 – 22/23: Opprop og val av møteleing	3
Sak 14 – 22/23: 14.1. Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 14 – 22/23: 14.2. Godkjenning av saksliste	3
Sak 14 – 22/23: 14.3. Godkjenning av referat frå møte 10.10.22.....	3
Sak 15 – 22/23: Orienteringar	4
Sak 16 – 22/23: Orientering frå Studentombodet	5
Sak 17 – 22/23: Presentasjon av Fadderveka '22 med årets rekneskap.....	5
Sak 18 – 22/23: Parkering på høgskuleområdet	6
Sak 19 – 22/23: Høyring – forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO.....	7
Sak 20 – 22/23: Revidering av budsjett.....	7
Sak 21 – 22/23: Arbeidsprogram 22-23.....	8
Sak 22 – 22/23: Innspel til HVO sitt investeringsbudsjett '23	9
Sak 23 – 22/23: Eventuelt.....	11

* V = vedtakssaker, O = orienteringssaker, D = diskusjonssaker

Sak 13 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

Namneopprop. 10 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Vedtak (samrøystes):

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Severine Riise Eidem og Nina Skara Pettersen er dagens teljekorps

Sak 14 – 22/23: 14.1. Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Ordstyrar

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 14 – 22/23: 14.2. Godkjenning av saksliste

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak med to tilleggssaker.

Vedtak (samrøystes)

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet, inkludert 2 tilleggssaker:

- Ekstrasak: Internett på studentbustadane
- Ekstrasak: Studentfestar på studentbudstadane

Sak 14 – 22/23: 14.3. Godkjenning av referat frå møte 10.10.22

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 10.10.22.

Sak 15 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggjar: Leiar

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Oppsummering NSO haustkonferanse 28.-30.10.22. Ei av hovudsakene var forslaget til regjeringa om å innføre skulepengar for internasjonale studentar utanfor EU/EØS, og korleis NSO jobbar for å stoppe det.
- Allmøte for tillitsvalde 31.10.22
- Gjennomført demonstrasjon mot innføring av skulepengar for internasjonale studentar 26.10.22. Prorektor, dekan mediefag og 2 studentar heldt appellar, og markeringa vart leia av studentleiar Trond-Fredrik H. Hoddevik.
- 100-årsfeiring for Kaarstad-huset 16.11.22'. Alle i Studentparlamentet er invitert.
- Rekruttering fadderstyre
- Initiativ for ny studentforeining: skeive studentar i Volda
- Studiebarometeret er ute – oppmoding om å svare
- Gratis kveldsmat neste veke i regi av biblioteket – treng studentar komande veke kveld måndag-torsdag kl 17.45-20.30.

SiVolda-styret v/ leiar Jenny Nystad:

- sak om Elvegata 22 er tatt opp i styret, forslag frå sist møte i Studentparlamentet er med i det vidare arbeidet.

Sak 16 – 22/23: Orientering frå Studentombodet

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggjar: Fagansvarleg

Det nye studentombodet, Gøril Hillersøy, som tok til i jobben i august, orienterte om ombodet sitt arbeid.

Det vart lovfesta i 2019 at alle universitet og høøgskular skal ha eit studentombod for å ivareta studentane sin rettstryggleik.

Stillinga er delt mellom Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet. Gøril vil vere innom Volda om lag annankvar månad, og er elles tilgjengeleg på telefon og e-post heile tida.

Spørsmål/innspel frå Studentparlamentet:

- Veit dei tilsette og studentservice nok om studentombodet, slik at dei kan informere studentane om moglegheita for å benytte studentombodet når studentar tek kontakt med dei med spørsmål om studentrettar?
 - o Svar: har inntrykk av at høøgskulen jobbar godt med informasjon, men funksjonen som studentombod er framleis relativt ny, og det vil alltid vere behov for å oppfrisking av kunnskap
- Kor mange tek kontakt med Studentombodet? Er det mørketal?
 - o Svar: Studentar frå Volda tek kontakt, men det er sikkert mørketal, og vi må jobbe for å gjere det kjent. Det har vore uheldig at stillinga har stått tom ein periode, viktig at studentar kjenner til ombodet heilt frå starten av studiet. Eg er her for dykk.

Sak 17 – 22/23: Presentasjon av Fadderveka '22 med årets rekneskap

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar

Økonomi- og sponsoransvarleg Simen Toverud presenterte arbeidet til styret i Fadderveka, og gjekk igjennom rekneskapet til Fadderveka.

Fadderveka '22 gjekk så godt som i nøyaktig balanse, med 2526 kr i pluss.

Debatten:

- Redaksjonell feil: rett opp årstal 2022 på økonomisk resultat.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner rekneskapen for Fadderveka '22.

Sak 18 – 22/23: Parkering på høgskuleområdet

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggjar: Nestleiar

Saka vart først tatt opp på møte i parlamentet 10.1.22, og deretter har AU følgd opp saka. Nestleiar Severine Riise Eidem presenterte tilbakemeldingane AU har fått frå leiinga etter å ha tatt opp saka på leiingsmøte i oktober.

Debatten:

- Kva med den mellombelse parkeringa ved/bak Aasen? Kvifor er den stengt?
 - o Svar, AU: HVO/statsbygg har avslutta leigeavtalen, og arealet vil etter kvart bli anleggsområde for Voldatunnel og/eller nytt Aasen-kvartal.
- Utfordringane vil auke når Voldabadet skal byggjast
- Promotere å bruke parkeringskjellaren på Campus Arena meir, gjere det kjent for studentar
- Oppfordre til meir samkøyring
- Gå/sykkelkampanjar
- Skilje tilsette og studentar? Deler av parkeringa forbeholdt studentar?
- Heller promotere parkeringskjellaren enn å dele inn, då blir det meir ledig oppe.
- Leige plass ved gamle Kiwi eller andre stader?

Felles forslag til vedtak:

Studentparlamentet vil be Høgskulen om å jobbe vidare for å betre parkeringssituasjonen ved å gå vidare med følgjande punkt:

- Oppfordre til meir samkøyring
- Promotere betre for studentar at dei kan bruke parkeringskjellaren på Campus Arena
- Gjennomføre gå/sykkelkampanjar jamnleg
- Undersøke om ein på sikt kan leige nye parkeringsplassar

Votering: samrøystes

Vedtak:

Studentparlamentet vil be Høgskulen om å jobbe vidare for å betre parkeringssituasjonen ved å gå vidare med følgjande punkt:

1. Oppfordre til meir samkøyring
2. Promotere betre for studentar at dei kan bruke parkeringskjellaren på Campus Arena
3. Gjennomføre gå/sykkelkampanjar jamnleg
4. Undersøke om ein på sikt kan leige nye parkeringsplassar

Sak 19 – 22/23: Høring – forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

Velferdsansvarleg Andrine Kompen la fram saka og orienterte om AU sitt utkast til høyringsvar.

Debatten:

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 9 mot 1 stemme.

Vedtak: Studentparlamentet gir AU i oppgave å ferdigstille høyringssvaret i tråd med utkastet som vart lagt fram i møtet.

Sak 20 – 22/23: Revidering av budsjett

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Organisasjonskonsulent

Organisasjonskonsulent Marit Aklestad la fram saka og det vart opna for spørsmål og debatt.

Debatten:

- Kva er grunnen til at AU har brukt såpass mykje over budsjett på budsjettposten «informasjon og profilering»?
 - o Svar, AU: det er i all hovudsak knytt til kostnader til trykkjing av dei to trykksakene våre, «Engasjer deg i Volda» (11.200 kr) og «Tillitsvaldhandboka» (2800 kr). Tidlegare har desse vorte trykte gratis på HVO sitt hustrykkeri, men det er no nedlagt.

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet flyttar 14 000 kr til budsjettposten «informasjon og profilering» frå dei øvrige budsjettpostane: 5 000 kr frå seminar og kurs, 4 000 kr frå møtegjennomføring, 3 000 kr frå sosialt og 2 000 kr frå drift/kontor/anna.

Sak 21 – 22/23: Arbeidsprogram 22-23

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Leiar

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik la fram AU sitt forslag til Arbeidsprogram 22-23, basert på innspela som kom fram frå Studentparlamentet på sist møte, 10.10.22. AU har lagt meir vekt på kommunikasjon og informasjon, og elles prøvd å konkretisere og tydeleggjere mål og oppgåver for året.

Debatten:

- Debatt rundt forslaget om å jobbe for å leggje ut videoopptak av førellesning etter den er gjennomført. Fordel for studentar, men kan møte motstand blant tilsette.
- Viktig å gjere sei-ifrå-systemet meir kjent. Ingen har høyrte om det.
- Spørsmål om punkt om å gjere sakspapir i styret i SiVolda tilgjengelege for AU.
 - o Svar, AU: ønske om å få meir innsikt i arbeidet til SiVolda og sakene dei jobbar med, som angår alle studentar.
- Døgnope bibliotek viktig punkt
- Gi lærarar kurs i bruk av teknisk utstyr. Unngå at undervisningstid skal gå bort til teknisk rot. Ta kontakt med IT når det er noko.
- Ark med instruksar på veggane kan vere ei løysing for feilsøk
- Veldig gammalt utstyr på Aasen, ofte noko som sviktar med det tekniske der
- Endre «med» til «ved» i overskriftene

Votering: Studentparlamentet utarbeidde i fellesskap eit omforeint forslag til vedtak, som vart samrøystes vedtatt:

Vedtak

Studentparlamentet legg til/endrar følgjande punkt til arbeidsprogrammet for 2022-23:

Kommunikasjon:

- Samarbeide med medieavdelinga for drift av SoMe-strategi
- Forenkle studentrelevante vedtak som blir gjort i studentparlamentet slik at det når ut til resten av studentane gjennom studentparlamentet sine sosiale kanalar

Utdanningskvalitet:

- Leggje til rette for at dei tilitsvalde på studieprogramma blir tryggare i rolla
- Sørge for at forelesere ved Høgskulen i Volda får grunnleggende opplæring i bruk av teknisk utstyr i klasserom, eventuelt instruksar på alle rom

Redaksjonelt:

- Endre «med» til «ved» i overskriftene

Studentparlamentet vedtek arbeidsprogrammet for 2022-23 med desse endringane.

Sak 22 – 22/23: Innspel til HVO sitt investeringsbudsjett '23

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

Internasjonalt ansvarleg presenterte saka og utdjupa AU sitt framlegg om behov for oppgradering av samtalerommet på BK, som blir brukt av studenthumanist og studentprest til fortrulege samtalar. AU har også lagt inn forslag om vannstasjon på nye Kaarstad.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet prioriterer oppgradering av møblement/inventar på samtalerommet, samt fleire vasstasjonar på "nye" Kaarstad som innspel til Høgskulen sitt investeringsbudsjett 2023.

Debatten:

- Støtte til forslaget om oppgradering av samtalerom, men også fleire andre innspel
- Fleire sitjegrupper på biblioteket
- Ikkje berre Kaarstad som treng vannstasjon, også SAA og den som er i ustand på BK
- Oppgradering av masterlesesal med hev-senk-pultar, avskjerming og lampe
- Kamera og teknisk utstyr til undervisningsrom
- Stikkontakter/skøyteledning til store BK + klasserom på Aasen.
- Mat/drikkeautomatar på alle bygg. Ingen på SAA. Den i kjellaren på Kaarstad er i ustand.
- Dårlig internett på undervisningsbygg
- Betre ventilasjon nye Kaarstad + store og lille BK
- Dårlige stolar store og lille BK

Studentparlamentet tok ein pause for å samordne innspela til eit felles framlegg (sjå under).

Votering: samrøystes vedteke.

Vedtak

Studentparlamentet vil spele inn følgjande til HVO sitt invensteringbudsjett:

- Fleire sitjegrupper på biblioteket
- Møblar/Inventar samtalerom
- Nye vannstasjonar nye Kaarstad, SAA, og reparasjon av den som er i ustand på BK.
- Oppgradering av masterlesesal med hev-senk-pultar, avskjerming og skrivebordslampar
- Oppgradering av kamera og teknisk utstyr til undervisningsrom
- Fleire straumuttak/skøyteledning til BK store auditorium og klasserom på Aasen

Studentparlamentet vil i tillegg setje søkjelys på:

- Dårlig internett i undervisningsbyggene
- Betre ventilasjon nye Kaarstad

Studentparlamentet

Referat nr. 2/22-23

Møtedato 02.11.22



- Betre ventilasjon store og lille BK
- Dårlege stolar og lite stikkontakter store og lille BK
- Mat- og drikkeautomatar på alle bygg. Ingen på SAA. Den i kjellaren på Kaarstad er i ustand

Sak 23 – 22/23: Eventuelt

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggjar: Ordstyrar

23.1. Dårlig internett på studenthyblar i SiVolda

Representant i Studentparlamentet, Rakin Absar Arnob, tok opp sak om at Porse og Heltne har dårleg internett. Han viste til eksempel der studentar måtte kjøpe mobildata for å gjennomføre eksamen.

- AU vil ta opp saka med SiVolda

23.2. Klargjering av reglar for festar vs ro på studentbustadane i SiVolda

Representant i Studentparlamentet, Rakin Absar Arnob, tok opp sak om at internasjonale studentar har fått bøter med politiet for fest/nattebråk. Han melder at studentane ikkje har fått tilstrekkeleg info frå SiVolda om gjeldande reglar på studentbustadane, eller i underetasjen. Studentar fryktar bøter, og forstår ikkje dei norske reglane. Det er også nye studentar kvart semester, så viktig med gode rutinar for å informere nye studentar

- AU vil ta saka opp med SiVolda

Møtekritikk etter formell møteslutt

Til orientering blir møtekritikken ikkje referert i protokollen, men innspela blir tatt med i AU si møteevaluering og førebuingar til neste møte.

Møteslutt kl 20.